



Eivind Sletten Bakke
BJØRGE 201A
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1819 - 22/20647

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
11.03.2022

Registrert avvik minireinseanlegg og førehandsvarsel om retting - gbnr 241/11 Bjørge

Tiltak: Avvik avløpsanlegg
Byggjestad: Gbnr 241/11
Tiltakshavar: Eivind Sletten Bakke

Alver kommune har i årsrapport frå Biovac AS motteke melding om at det ved service av minireinseanlegg ditt den 13.04.2021 og 17.09.2021 vart registrert: «Tett matepumpe. Mye våtservietter i anlegg. Må tømmes».

Avviket er knytt til anlegget på eigedommen din med adresse Bjørge 201A, B.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Det må ikkje ligge framandelement i reinseanlegget. Q-tips, våtserviettar, filer, bind etc. skal ikkje kastast i toalettet. Det er kun toalettpapir som skal spylast ned i toalettet saman med urin og avføring. Framandelement i tanken kan også føre til blokkering av røyr og kan gje tilbakeslag av kloakk til bustaden din.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 11.06.2022.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å tømme anlegget, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få tømt eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent føretak som driv med slamtømming.

Når anlegget er tømt, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eivind Sletten Bakke

BJØRGE 201A

5993

OSTEREIDET